

Protokoll for årsmøtet i Hjelmeland Samfunnshus SA

Tid og stad: måndag 17. juni 2019 kl. 19:30–20:30 på Hjelmeland Samfunnshus

Frammøtte: Leif Velde-Johannessen, Krister Seljeset, Ole Henrik Olsen og Morten Hetland.

Sak 01/2019: Godkjenning kven som har stemmerett

Alle dei framømøtte har stemmerett på årsmøtet. Til neste årsmøte skal styret halda fram arbeidet med å rekonstruera medlemslista over andelseigarar.

Sak 02/2019: Godkjenning av innkalling og sakliste

Ole Henrik Olsen hadde merknad til at årsmelding og rekneskap bør sendast ut saman med innkallinga.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste, men oppmodar til at innkalling med årsmelding og rekneskap blir sendt ut minst éi veke før årsmøtet.

Sak 03/2019: Val av møteleiar og møteskrivar

Vedtak: Leif Velde-Johannessen blir valt som møteleiar, og Morten Hetland som møteskrivar.

Sak 04/2019: Val av to representantar til å godkjenna møteprotokollen

Vedtak: Krister Seljeset og Ole Henrik Olsen blir valde til å godkjenna møteprotokollen.

Sak 05/2019: Godkjenning årsmelding for 2018

Styreleiar orienterte om årsmeldinga for 2018, og utdjupa på spørsmål frå årsmøtet. Årsmøtet merkar seg at styret har brukt veldig mange timar på å drifta Samfunnshuset det siste året, både med oppussing og eigne arrangement, og dette har gått på bekostning av meir regelmessige styremøte. Årsmøtet hadde elles ingen merknader.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmeldinga for 2018.

Sak 06/2019: Godkjenning av rekneskapan for 2018

Økonomiansvarleg Morten Hetland orienterte om rekneskapan for 2018.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskapan for 2018, inkl. disponering av underskot ved overføring mot føretaket sin eigenkapital.

Sak 07/2019: Justering av vedtektene

Det var sendt forslag om å endra dato for årsmøtet. Årsmøtet ynskjer ikkje å endra vedtektene på nåverande tidspunkt, men ber styret om å førebu sak om justering av vedtektene til neste ordinære årsmøte.

Vedtak: Styret legg fram sak om total gjennomgang av vedtektene i neste ordinære årsmøte.

Sak 08/2019: Handlingsplan for 2019/2020

Årsmøtet drøfta tiltak og arrangement, og kom fram til følgjande overordna handlingsplan for 2019/2020:

- Oppgradera Storsalen i løpet av arbeidsåret
- Loppemarknad i oktober 2019
- Bygdajulebord i november 2019
- Mannashow februar/mars 2020
- «Syng med oss!» eller «Dans med oss!» i april 2020
- Kulturmønstring – UKM i samarbeid?
- Me ynskjer å halda fram med kino, pubkveldar, Strikkekaféen og Ungdomsklubben. Dei ansvarlege i styret jobbar vidare med desse planane.

Vedtak: Styret tar med seg innspela i handlingsplanen for 2019/2020 i det vidare arbeidet.

Sak 09/2018: Val av styremedlemmer

Morten Hetland, Marianne Hausken Olsen og Martin Bischoff er på val.


Årsmøtet valde, ved akklamasjon, følgjande styre for 2019/2020:

Leif Velde-Johannessen	leiar	1 år <i>ikkje på val</i>
Marianne Hausken Olsen	nestleiar	2 år <i>attval</i>
Morten Hetland	økonomi/administrasjon	2 år <i>attval</i>
Edel Gausland	styremedlem	1 år <i>ikkje på val</i>
Krister Seljeset	styremedlem	1 år <i>ikkje på val</i>
Ole Henrik Olsen	1. varastyremedlem	1 år <i>ikkje på val</i>
Martin Bischoff	2. varastyremedlem	1 år <i>attval</i>

Leif Velde-Johannessen, Marianne Hausken Olsen og Morten Hetland blei valde som Hjelmeland Samfunnshus SA sitt arbeidsutval.


Konstituerende styremøte for det nye styret: mandag 19. august kl. 19:30–21:00.

Møteskrivar:



Morten Hetland

Godkjent av:



Krister Seljset



Ole Henrik Olsen